



## Ny gjenvinningsstasjon på Sande

### Noverande stasjon vert stengt i byggetida

SUM skal, i samarbeid med Gaular kommune, bygge ny gjenvinningsstasjon på Sande på same stad som dagens stasjon.

Dermed vert noverande stasjon **stengt** frå og med onsdag 25. august 2010 (siste opningsdag 18. august) og inntil vidare, venteleg om lag 3 månader byggetid.

Bygginga og stenginga vart omtalt i Firda 31. juli med grunnlag i pressemelding.

Ny-opning vert varsla, og det vert orientert om ordningar for betalingsavfall.

**I stengingsperioden vert dei som soknar til og brukar stasjonen på Sande, oppmoda om å bruke hovudanlegget til SUM på Einestølen i Førde.**

#### **Opningstidene på Einestølen gjenvinningsstasjon:**

Måndag 09.30-17.00, tysdag 10.00-18.00, onsdag 08.30-16.00,  
torsdag 08.00-15.00, fredag 07.30-15.00.  
Stengt laurdagar og søndagar.

Stasjonen på Sande blir bygt etter same modell som dei nye stasjonane i Askvoll og Hyllestad, men med ei litt anna utforming på grunn av tomtetilhøva.

Dei nye stasjonane er utforma med tanke på bruk av 8-10 større containerar på rundt 40 m<sup>3</sup> som gir betre oversikt og enklare sorteringsløysing for dei som leverer.

På alle nye stasjonar er det også mottak for betalingsvare; Erfaringane frå Hyllestad og Askvoll viser at dette vert godt motteke.

Stasjonane blir utforma med direkte gjennomkøyring og lettvindt utkjøring når avfallet skal frakstast til gjenvinningsanlegg – omlag ingenting går til deponi/fylling.

*Neste side; Illustrasjon ny stasjon*

Håkon Grepstad, Dagleg leiar Sunnfjord Miljøverk

Telefon 57724152

E-post: haakon.grepstad@sum.sf.no

---

**Postadresse**

SUM  
Einestølen  
6800 Førde

**Besøksadresse**

Einestølen  
Førde

**Telefon**

57 72 41 50

**Telefaks**

57 72 41 59

**Bankkonto**

3760 10 20069

**Organisasjonsnr.**

NO 970.921.915 mva

**WEB**

www.sum.sf.no

